



SULA KOMMUNE



KULTURPLAN

2017-2021


Foto:

Gunnar Marøy
Kristin Støylen
Pål André Måseidvåg
Arve Klemetsen
Vegard Eikrem
Elisabeth Flåskjer Kjerstad

Design

Highjuly 2017 - ELLEmELLE
170899-08 www.hatlehols.no

*«Sula skal vere den leiande
kultur- og friluftskommunen i
Ålesundsregionen med aktive
innbyggjarar som opplever
samkjensle og identitet.»*



INNHALD

Innleiing	6
Bakgrunn og planprosess	8
Innhald og avgrensing	11
Visjon og mål for Sula si kultursatsing	12
Føremålet med planen	13
Utviklingstrekk	15
Innsatsområde	18
Innsatsområde 1 - Lokalt kulturliv og frivillighet	21
Innsatsområde 2 - Førebyggjande ungdomsarbeid	22
Innsatsområde 3 - Sula bibliotek	25
Innsatsområde 4 - Sula Kulturskule	26
Innsatsområde 5 - Digital satsing og informasjon	26
Vedlegg	29



INNLEIING

Kultur er ein føresetnad for sivilisasjon, demokrati og danning. Dei mange utfordringane i samfunnet i dag gjer at vi meir enn nokon gong treng levande og inkluderande lokalsamfunn.

Kultur gir identitet og tilhøyre gjennom kunnskap om felles fortid og forventningar om framtida. Å delta i kulturaktivitetar og kulturelle opplevingar gir meistring, samkjensle og trivsel. Slik utviklar vi folkehelsearbeid, inkludering og fellesskap, og nyttar kultur som eit middel for å nå samfunns mål.

Kultur i offentleg sektor blir brukt om dei ulike aktivitetane innanfor kulturlivet – som kunst, musikk, dans, drama, bibliotek, materiell og immateriell kulturarv, idrett, fritidsaktivitetar og friluftsliv.

Kultur er grunnbjelken i lokalsamfunnet og bidrar til nyskaping og bevaring av tradisjonar.

BAKGRUNN OG PLANPROSESS

Dette plandokumentet er ei revidering av Handlingsplan for kultur 2011–2014, men også eit meir omfattande dokument enn føregåande handlingsplan.

I fagutvalet for kultur og folkehelse vart det i sak 003/16 vedtatt oppstart av planarbeidet. Arbeidsgruppe var samansett av medlemmar frå fagutvalet for kultur og folkehelse, og einingsleiar for kultur var sekretær og administrativ representant.

Arbeidsgruppa fekk i mandat å utarbeide plan på kulturområdet med tanke på å styrke og løfte kulturområdet i Sula kommune. Planen skal ta utgangspunkt i status pr. 2015 og peike på sentrale utfordringar. Satsingsområde innafor gjeldande ramme skal definerast og planen skal konkretiserast med tiltak.

Kulturplanen for Sula skal gi ei enkel oversikt over kulturlivet i kommunen og vere styringsdokument for administrativt og politisk arbeid på kulturfeltet i perioden 2017–2021.

Kulturplanen er ikkje bindande jf. Plan- og bygningslova, men skal vere ein retningsgivande temaplan.

Planen har vore arbeidd med internt i kultureininga. Det var invitert til folkemøte hausten 2016, der tre organisasjonar møtte. Planen har vore diskutert innanfor oppvekst-sektoren, og vart lagt ut til offentleg ettersyn. Fylkesbiblioteket kom med fråsegn som er innarbeidd i planen.

Planen vart vedtatt i Sula kommunestyre 15.6.2017, K-sak 052/17.





*Sula kommune skal
vere den leiande kultur-
og friluftskommunen*

INNHALD OG AVGRENSING

Det er i prosessen valt ut 4 hovudsatsingsområde. Kwart av satsingsområda er definert med mål. Tiltaksplanen skal prioritere dei viktigaste tiltaka for å nå måla i kulturplanen. Tiltaksplanen skal rullerast årleg, og det vil gå fram om tiltaka kan gjerast innanfor eksisterande budsjett, ved søknad på midlar, eller om det må tilførast friske midlar. Tiltak som krev friske midlar må fremjast i samband med budsjett- og økonomiplan. Då planen vart behandla i kommunestyret vart det vedtatt eit 5. innsatsområde; digital satsing og informasjon. Det er ikkje knytt målområde eller tiltak til dette innsatsområdet.

Som vedlegg følger tiltaksplanen, oversikt over kva som er tilført kulturbudsjettet 2011–2016, oversikt over private og kommunale kulturlokale i kommunen, samt oversikt over tilskotsordningar på kulturområdet.

Idrett og friluftsliv blir behandla i eigen kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Oppstart med revidering blir i 2017. Problemstillingar knytt til tilrettelegging og støtte er aktuelt for både kulturplan og idrettsplan.

Kulturminne og kulturmiljø er planlagt behandla i kulturminneplanen. Det er ønskjeleg å starte opp att arbeidet med kulturminneplan i 2017.

Sula kommune sin kulturplan skal legge vekt på

- Møteplassar og tilrettelegging
- Samhandling og nyskaping
- Inkludering og folkehelse

Dette er viktige element som ligg bak kvart område og ned til det enkelte tiltak.

VISJON OG MÅL FOR SULA SI KULTURSATSING

Kulturplanen har heimel i lovverk som m.a. kulturlova, opplæringslova, biblioteklova og folkehelselova. Jf. opplæringslova og biblioteklova, er kommunen pålagt å tilby kulturskuletilbod og folkebibliotektenestar.

Kulturlova fastslår kommunane sitt ansvar for å sørge for økonomiske, organisatoriske, informerende og andre relevante verkemiddel, og tiltak som fremmer og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd lokalt og regionalt.

Folkehelselova seier at «kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.

Kommunen skal fremme folkehelse innen de oppgaver og med de virkemidler kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tjenesteyting.

Kommunen skal medvirke til at helsemessige hensyn blir ivare tatt av andre myndigheter og virksomheter. Medvirkning skal skje blant annet gjennom råd, uttalelser, samarbeid og deltagelse i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor.»

Kulturplanen er forankra i Sula kommune sin visjon:

Sula kommune skal vere den leiande kultur- og friluftskommunen i Ålesunds-regionen, med aktive innbyggjarar som opplever samkjensle og identitet.

Vår overordna målsetting for kulturområdet er eit allsidig kulturtilbod som legg til rette for deltaking og oppleving for alle. Tilbodet skal vere inkluderande og stimulere det kreative og skapande i oss.

Kulturplanen må sjåast i samheng med andre planar og styringsdokument i kommunen – som samfunnsplan, arealplan, rusmiddelplan og strategiplan for kultur og oppvekst.

Kultureininga si visjon:

Kultur for alle!

Sula kommune skal legge til rette for kultur ved å stimulere til aktivitetar og opplevingar. Kulturområdet skal bidra med kunnskap, kompetanse, kreativitet og opplevingar for alle, og legge til rette for økonomisk støtte, samarbeid og rettleiing.


Kommunen skal vere ein tilretteleggar for allment kulturliv, friluftsliv, idrett, kulturminnevern, kulturarv, og arbeide for kulturutvikling gjennom eit aktivt samarbeid med andre kommunal instansar og frivillig og profesjonelt kulturliv. Hovudmålgruppe er barn og unge.



FØREMÅLET MED PLANEN

Kulturplanen er styringsverktøy for kommunen si satsing og engasjement på kulturområdet i perioden 2017–2021. Planen skal vere retningsgivande og legge føringar for det årlege økonomiplanarbeidet, og danne plattform for strategiar og planar innanfor kulturområdet.

Fritidsklubben Donken har alltid vore ein trygg, sosial og rusfri møteplass for ungdom frå heile øya og på tvers av ulike miljø.



UTVIKLINGSTREKK

Sula er ein del av region Ålesund sitt geografiske område, og har nære bindingar til nabokommunane, og då særleg Ålesund. Kulturlivet har stort nedslagsfelt og mange er kulturpendlarar som nyter godt av profesjonelt og frivillig kulturliv i regionen.

Sula kommune har sidan 2011 brukt mellom 2,3 og 2,6% av kommunens nettodriftsutgifter til kultur. Det vil seie at Sula t.d. i 2015 brukte kr 1326,- pr. innbyggjar på driftsutgifter i kultursektoren. Tala har vore stabile på eit lågt nivå. Med i desse tala er også drift- og investeringsutgifter knytt til kommunale idrettsbygg/anlegg og kulturbygg.

Samanliknar ein seg med landet utanom Oslo, Møre og Romsdal og Kostragruppe 07, ligg vi godt under desse gruppene.

Sula er ein vekstkommune, og pr. 1.1.2017 er vi rundt 9 000 innbyggjarar. Befolkninga er venta å vekse i åra framover. I løpet av planperioden er vi venta å auke med om lag 500 innbyggjarar (Kommunestatistikk 2016 for Sula kommune, M&R fylkeskommune). Auke i innbyggartalet er positivt, men gir også ein del utfordringar. Talet på brukarar av kommunale tenester på kulturområdet merkar ein særleg på tilgang til kulturlokale, kulturtilbod og personressursar. Fleire ønskjer å bli elevlar i kulturskulen og korpsa aukar i medlemstal. Dette har stor innverknad på kapasiteten til kulturskulen.

I 2010 vart hovudbiblioteket i Langevåg valt ut til å vere «eksempelbibliotek» i Møre og Romsdal. Resultatet vart eit meir tidsretta biblioteklokale.

Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018, St.meld. 27 Digital agenda for Norge og den nye forskrifta i Lov om folkebibliotek legg alle føringar for korleis folkebiblioteka skal utviklast for å dekke viktige funksjonar i lokalsamfunnet.

Det blir m.a. lagt vekt på at folkebiblioteka skal vere ein læringsarena, bibliotekets veiledningstilbod for grunnleggande digital kompetanse skal styrkast, og folkebiblioteket skal vere ein uavhengig møteplass for offentleg samtale og debatt. Dette stiller krav til auka kompetanse, men også ei bevisst prioritering av ressursar. Den nye rolla folkebiblioteket skal ha, krev

ein annan måte å drifte biblioteket på, både budsjett- og personalmessig.

Sula Kulturskule flytta inn i nye lokale i Langevåg skule i 2013. Kulturskulen hadde i lang tid tilhald i forskjellige lokale rundt om i Sula. Elevane fekk no betre læringsforhold og lærarane fekk ein arbeidsplass som var tilrettelagt for undervisning i musikk, kunst og drama. Det føregår i tillegg undervisning ved to av barneskulane. Kulturskulen er i gong med lokal læreplan i samband med implementering av rammeplan for kulturskulen.

I tråd med rammeplanarbeidet har skulen utvida med fordjupningstilbod og breiddetilbod, og vil ha fokus også i denne 4 årsplanen. Elevtalet er aukande, og av lag og organisasjonar er det særleg skulekorpsa som nyter godt av kompetansen ved kulturskulen.

Fritidsklubben Donken har alltid vore ein trygg, sosial og rusfri møteplass for ungdom frå heile øya og på tvers av ulike miljø. Det er i snitt 35–40 besøkande dei to kveldane det er ope.

Dei siste åra har det vore oppretta eit tilbod på ettermiddagstid før sjølve klubbkvelden startar. Tilbodet er for alle, men det er særleg ungdom som treng litt ekstra oppfølging og kontakt som er hovudmålgruppa. Det er behov for å styrke dette tilbodet.

Statsbudsjettet for 2017 peikar ut psykisk helse for barn og unge som eit viktig ledd i folkehelsearbeidet. Undersøkinga Ung Data Sula, viser at fokus på psykisk helse vil vere relevant i samarbeid med aktuelle tenesteområde i Sula.

Sula manglar kulturhus der ein kan ha større konserter og arrangement, eit hus der kulturfunksjonar kan samlast, lag og organisasjonar og profesjonelle kan skape gode kulturopplevingar, og synergiar skapast.

Der er press på bruken av Sulahallen og Solevåghallen, ikkje berre for hallidrettar, men som også som arena for andre kulturarrangement. Hallane er ikkje utstyrte og eigna for konserter og større kulturarrangement, noko som medfører mykje ressursar økonomisk og personalmessig ved gjennomføring av arrangement.



Det er frivilligheita som får lokalsamfunna til å pulsere.



Friheim Kulturhus er eit viktig aktivitetshus i Langevåg, men både scene og publikumsplassar blir i mange samanhengar for lite til ein rekke kulturarrangement.

Ein bør sjå på mogelegheita for at Sula bygger eige kulturhus i samarbeid med næringslivet. Om det blir bygd ny skule på midtre, så bør denne inkludere ein sal som er eigna til kulturformål og arrangement.

Det er frivilligheita som får lokalsamfunna til å pulsere. På landsbasis representerar frivillig arbeid nær 150 000 årsverk i 2014 (SSB, satelittrekneskap for idelle og frivillige org.). Over halvparten av det frivillige arbeidet blir lagt ned i kultur- og fritidsorganisasjonar, inkludert idrett (Frivillighetnorge.no). Frivilligheita er ein del av økonomien lokalt og nasjonalt, og tilfører samfunnet store verdier.

Fleire av innbyggerane våre er barn, unge og vaksne med anna kulturell og etnisk bakgrunn. Det er viktig at nye innbyggjarar blir inkludert i lokalmiljøet og blir kjent med lag og frivillige organisasjonar, og det frivillige arbeidet som samfunnet er tufta på.

Det frivillige kulturlivet i Sula er prega av eit stort mangfald og nær 100 lag og organisasjonar. Dugnadsinnsats og frivillig arbeid lokalt bidrar til god folkehelse, møteplassar, inkludering, nyskaping og samhandling.

Nokre av kulturarrangementa i kommunal regi er avhengige av samarbeid med dei frivillige lag og organisasjonane. Suladagane, Kvitveisdagen og Sulakonferansen er årlege hendingar som engasjerar mange og har god oppslutning.

Sula kommune yter årleg fleire tilskot til lokale ulike lag og organisasjonar, hovudsakeleg til arbeid med barn og unge. Tilskotspotten har auka dei seinare åra, og er eit viktig ledd i styrking av folkehelsearbeidet. Tilskotsordningane går til kulturbygg, arrangement og til drift av lag og organisasjonar, private leikeplassar, nærmiljø- og friluftstiltak og maritime føremål. Det er også lagt vekt på å støtte frivilligheita ved å yte forskotering på spelemiddelsøknadar, samt å tilby kommunal garanti på lån på investeringar.

I 2010 og 2011 fekk kommunen etablert to musikkbingar, ein på ytre og ein på indre del av øya. Intensjonen var å tilby øvingslokale til unge band og solistar. Musikkbingane har ikkje vore så ettertrakta som ein gjerne såg for seg.

Sula frivilligsentral vart etablert hausten 2008. Langevåg Røde Kors er eigar og frivilligsentralen held hus i lokala til Røde Kors. Frivilligsentralen og kommunen samarbeidar på fleire område. Kommunen yter årleg driftstilskot til frivilligsentralen.

Frivilligsentralen sitt overordna mål er:

«Sula frivilligsentral skal vere ein lokal forankra møteplass som er open for alle med lyst til å vere med på frivillig verksemd. Sula frivilligsentral skal utviklast av dei menneska som er tilknytt sentralen. Sula frivilligsentral skal vere eit kraftsenter og kontaktpunkt for menneske, foreiningar/lag og det offentlege.»

Vi ønskjer å vere med å utvikle Sula frivilligsentral vidare.

INNSATSOMRÅDE

Kulturområda som er omtalt, er i stor grad kommunale tenesteområde med tilhøyrande tiltak, men er også retta mot frivilligheita og kulturlivet forøvrig, og då med kommunen som tilretteleggar på kulturområdet.

Dei ulike kulturområda som er peika ut, krev ulik tilnærming og innsats for å nå måla. Planen er difor inndelt i forskjellige innsatsområde.





Kulturlivet på Sula skal spegle kvalitet, identitet, tilhøyre og samhald

INNSATSOMRÅDE 1 - LOKALT KULTURLIV OG FRIVILLIGHEIT

Sula kommune skal legge til rette for kultur ved å stimulere til aktivitetar og opplevingar. Kulturområdet skal bidra med kunnskap, kompetanse, kreativitet og opplevingar for innbyggerane, og gi økonomisk støtte, samarbeid og rettleiing.

Kommunen skal vere ein tilretteleggar for friluftsliv, idrett, kulturminnevern, kulturarv, og frivillig kulturliv. Sula er kjent for å vere musikk-kommune med svært mange dyktige og kjente musikarar. Musikklivet er prega av jazz og korpsmiljø, og dette ser ein som viktig å styrke på fleire måtar.

Vi skal jobbe for kulturutvikling gjennom eit samarbeid med andre kommunale instansar og frivillig og profesjonelt kulturliv, og vi vil bidra til å oppretthalde eit aktivt, inkluderande og mangfaldig lokalsamfunn. Samhandlinga med det frivillige kulturlivet skal ha auka fokus.

Kulturlivet på Sula skal spegle kvalitet, identitet, tilhøyre og samhald

Deltaking i kulturlivet, i lag og organisasjonar gir gode opplevingar, følelse av meistring og god folkehelse. Deltaking skapar møteplassar og tilhøyre i lokalsamfunnet.

Ein ser gjerne at frivilligsentralen blir ein sentral og sosial møteplass for utveksling av idear og ein stad der ein kan kome som frivillig.

Det er viktig å nå dei gruppene av barn og unge som av ulike årsakar ikkje har same mulegheit til å delta i fritidsaktivitetar. Ved tiltakseining for barn og unge (TBU) er det oppretta tilskot til aktivitetar der lag og organisasjonar kan søkje midlar til inkluderingstiltak og dekking av kontingentar. Kultureininga samarbeidar med TBU om denne ordninga.

Det almenne kulturarbeidet har tre målområde

- Styrke samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- I større grad nytte musikarar og kunstnarar frå Sula
- Vidareføre og utvikle kulturstøtte

INNSATSOMRÅDE 2 - FØREBYGGANDE UNGDOMSARBEID

Målsettinga er at fritidsklubben skal vere ein trygg rusfri møteplass der ungdom utviklar gode haldningar og sosial dugleik, tar ansvar og deltek i aktivitetar.

Fritidsklubben og utekontaktane skal skape trygge og gode oppvekstmiljø, vere synlege i ungdomsmiljøet, arbeide førebyggjande, motivere, vere vaksenkontaktar og søkje å oppsøke utsett ungdom. Ungdom og psykisk helse er eit satsingsområde i kommunen. Kultur sitt arbeid med ungdom er eit ledd i dette arbeidet.

Ungdomsarbeidet skapar trygge rusfrie møteplassar for barn og unge. Mange unge er i dag med i organiserte fritidsaktivitetar, men mange fell også utanom dei organiserte fritidsaktivitetane, og det er særleg viktig å nå desse ungdommane.

Der er ønskeleg at fleire jenter og gutar blir kjent med fritidsklubben.

Ungdomsrådet har ein sentral funksjon med å fremme ungdommen sine interesser, vere talerøyr og bidra i samband med arrangement for ungdom. Ungdomsrådet skal delta i ulike kommunale prosessar, ha muligheit til medbestemming og påverknad når det gjeld ulike kommunale saker.

MOT-arbeidet er heilt sentralt i alt ungdomsarbeid.

Satsing på barn og unge skaper trygge møteplassar og gode opplevingar

Ungdomsarbeidet har tre målområde

- Styrking av Donken fritidsklubb
- Utekontaktarbeidet skal vidareutviklast
- Vidareutvikle engasjement og rusfrie arrangement



*Satsing på barn og unge
skaper trygge møteplassar
og gode opplevingar*



INNSATSOMRÅDE 3 - SULA BIBLIOTEK

Hovudmålsettinga til Sula bibliotek er å gi kommunen sine innbyggjarar eit allsidig, aktuelt og kvalitativt godt bibliotektilbod uavhengig av alder, bustad, kultur, utdanningsnivå, økonomi og mobilitet.

Folkebiblioteka skal vere ein felles arena der menneske kan lære, delta, skape og oppleve gjennom heile livet. På same tid møter biblioteket utfordringar knytt til personalressursar, tilgjenge og kompetanse.

Målet er at biblioteket sine tenester skal vere lett tilgjengeleg for alle. Det føreset tilstrekkelege lokale, opningstider, samlingar og personale.

Mei rope bibliotek (utover ordinær opningstid) vil auke tilgjengelegheit og brukarkontakt og bør vurderast/utgreiast i planperioden.

For at biblioteket skal kunne fylle den nye rolla si iflg. Nasjonal bibliotekstrategi, krevst høg kompetanse, m.a. innanfor felte utvikling, prosjektarbeid og formidling, samt auka digital kompetanse.

Kreativ nytenking kan oppstå gjennom samarbeid mellom bibliotek og andre samarbeidspartnarar, og eit utvida samarbeid med andre bør vektleggast i planperioden.

Sula bibliotek har i dag lågare bemanning enn gjennomsnittet både i fylket og landet for øvrig. I dag er personalressursane bundne opp til å betjene to faste bibliotekavdelingar.

Ei nytenking og omlegging/omprioritering av ressursbruken vil kunne frigjere ressursar til planlegging, prosjektarbeid, formidling og nye tenester.

Innsatsområda er utvalde etter føringar i Nasjonal bibliotekstrategi 2015–2018, St. meld. 27 Digital agenda for Noreg, Fylkesplan 2017–2020, samt etter kvar ein merkar utfordringane i det daglege for å oppfylle den nye rolla som folkebiblioteka skal ha.

Sula bibliotek har tre målområde

- Bibliotekstruktur-omorganisering av ressursar
- Styrking av bibliotektilbodet til barn og unge
- Vidareutvikling av biblioteket som ein attraktiv møteplass

Folkebiblioteka skal vere ein felles arena der menneske kan lære, delta, skape og oppleve gjennom heile livet.

INNSATSOMRÅDE 4 - SULA KULTURSKULE

Kulturskuletilbodet skal framstå synleg, attraktivt og ikeverdig for alle innbyggjarane i kommunen.

Hovudmålsettinga til kulturskulen i planperioden er å ruste skulen til å drive i tråd med ny rammeplan for kulturskule; «Mangfald og fordjuping». Rammeplanen vil seie noko om kva Sula Kulturskule kan tilby og kva fokusområde som er viktig for framtida. Eit resultat i denne prosessen er utarbeiding av lokal læreplan for Sula Kulturskule.

Av elevtilbod vil kulturskulen m.a. ha fokus på å få opp filolininteressa, samt å auke satsinga på jazz som ein identitesbærar for Sula.

Sula Kulturskule skal vere eit opplærings- og kreativitetsforum der barn og unge kan utvikle sine skapande evner, eit kompetansesenter som skal yte teneste til skular, barnehagar og lag og organisasjonar.

Sula Kulturskule har tre målområde

- Fordjupningstilbod i alle disiplinlar
- Opprette og vidareutvikle breiddetilbod
- Tettare samarbeid med lag og organisasjonar

INNSATSOMRÅDE 5 - DIGITAL SATSING OG INFORMASJON

Sula kommune vil satse aktivt på å vidareformidle og gi betre digital informasjon om kulturen på Sula.



Sula Kulturskule skal vere eit opplærings- og kreativitetsforum der barn og unge kan utvikle sin skapande evner.

INNSATSOMRÅDE 4 OG 5





VEDLEGG

1. Tiltaksplan for kultur 2017–2021
2. Oversikt over private og kommunale kulturbygg
3. Kommunale tilskotsordningar på kulturområdet
4. Tilført kulturbudsjettet i perioden frå 2011 til 2016



VEDLEGG 1 - TILTAKSPLAN

LOKALT KULTURLIV OG FRIVILLIGHEIT

1. Styrke samarbeid med frivilligheita

Tiltak	Korleis
Sulakonferansen skal vere ei årleg hending med inspirasjon og kompetansebygging for frivilligheita	Tilføring kr. 40 000
Utarbeide oversikt over alle lag og organisasjonar i Sula, samt faste arrangement, kino, kulturscenar	Innafor budsjett
Jobbe for at Suladagane og Kvitveisdagen skal ha fleire deltakande lag og organisasjonar	Innafor budsjett
Kultur og oppvekst i eit tettare og meir forutsigeleg samarbeid med Frivilligsentralen.	Innafor budsjett
Lag og organisasjonar har faste møte (anna kvart år) med politikarar og administrasjon	Innafor budsjett

2. Nytte musikarar og kunstnarar frå Sula

Tiltak	Korleis
Presentere profesjonelle musikarar/kunstnarar under Suladagane	Tilføring kr. 40 000
Tilby turnéar til skule og barnehage	Tilføring kr. 15 000
Seminar/fagdag for lag og organisasjonar (korps), tilsette og andre interesserte – kick-off	Tilføring kr. 15 000 Søkje tilskot

3. Vidareføre og utvikle kulturstøtte

Tiltak	Korleis
Tilskotsordningar • Oppdatering/vedlikehald av retningsliner • Oversikt over tilskotsordningar på nettside og sosiale media	Innafor budsjett
Elektroniske søknadsskjema på alle tilskotsordningar	Innafor budsjett
Innføre eit særskilt kulturtilskot til årleg fordeling	Tilføring kr. 100 000

Førebyggjande ungdomsarbeid

4. Styrking av Donken fritidsklubb

Tiltak	Korleis
Fleire opningstimar • Stillingsressurs 20%	Tilføring kr. 150 000
Nytt kjøkken og lydplater i tak	Tilføring kr. 150 000
Jobbe mot lik fordeling mellom kjønna • Brukarstyrte aktivitetar	Innafor budsjett
Samarbeid med lag og organisasjonar om tilbod/aktivitetar	Innafor budsjett, søkje midlar

5. Utekontaktarbeidet skal vidareutviklast

Tiltak	Korleis
Styrke samarbeidet med tiltakseining for barn og unge og ungdomsskulen, t.d. betre informasjon til elevar og føresette om arbeidet utekontakten gjer.	Innafor budsjett
Oppsøkande arbeid – der ungdom møtast • Samarbeid med andre kommunar • Samarbeid med vidaregåande skule • Samarbeid med andre (private) aktørar som driv ungdomsarbeid utanfor kommunen og internt i kommunen	Innafor budsjett
Samarbeid med andre kommunar om kompetansebygging • Kurs • Nettverk	Innafor budsjett

6. Vidareutvikle engasjement og rusfrie arrangement

Tiltak	Korleis
Utvikle UKM lokalt og auke rekrutteringa • Tilby verkstad • Ungdomsråd som UKM-ambassadørar	Innafor budsjett Søkje statlege midlar
Ungdomsrådet som ung-til-ung formidlar	Innafor budsjett
MOT-arbeidet skal vere synleg i alt ungdomsarbeid og på alle arrangement for ungdom	Innafor budsjett

SULA BIBLIOTEK

7. Bibliotekstruktur – omorganisering av ressursar

Tiltak	Korleis
Utnytte og frigjere ressursar til å utvikle møteplassverksemd	Omorganisere eksisterande personalressursar innafor biblioteket sitt budsjett, tilsvarande 30 % stillingsressurs
Oppsøkande bibliotekteneste <ul style="list-style-type: none">• Barnehage/skule/sfo• Eldre/ikkje mobile brukarar• Bedrifter	Omorganisere personalressursar innanfor budsjett, tilsvarande 20 % stilling
Ope ein ekstra kveld ved hovudbibliotek	Omorganisere personalressursar innanfor budsjett, tilsvarande 10 % stilling
Utgreie meirope bibliotek	Innafor budsjett

8. Styrke bibliotektilbodet til barn og unge

Tiltak	Korleis
Samarbeid med barnehage/skule/sfo om klassebesøk og eventyrstundar	Innafor budsjett
Samarbeid med skulane om leselystkampanjer, som t.d. sommarles	Innafor budsjett
Den lokale kultursekken: <ul style="list-style-type: none">• Tilby skulane forfattarbesøk på to trinn• Styrke samarbeid med kulturskolen innan kreativ skrivning	Statlege kultursekkmidlar
Formidle nynorsk barnelitteratur, m.a. vidareføring av tilbod om utebibliotek og forfattarbesøk	Innafor budsjett, søkje midlar
Skulestartfest for barn/foreldre <ul style="list-style-type: none">• Informasjon, lånekort, etc.	Innafor budsjett, søkje midlar
Biblioteket som formidlingsarena for naturvitenskapelege foredrag	Søkje midlar

9. Vidareutvikle biblioteket som ein attraktiv møteplass

Tiltak	Korleis
Gi tilbod om: <ul style="list-style-type: none">• Foredrag• Forfattarbesøk• Små konsertar og andre arr.	Tilføring kr. 40 000, + søkje arrangementsstøtte
Styrke samarbeid med kulturskulen <ul style="list-style-type: none">• Skrivekurs, konsertar, utstillingv	Søkje prosjektmidlar
Styrke samarbeid med lag og organisasjonar og frivilligsentralen <ul style="list-style-type: none">• Foredrag• Aktivitetstreff for eldre• Språkkafé	Omorganisering av personalressursar
Utarbeide haust- og vårprogram over arrangement og forfattarbesøk	Innafor budsjett
Styrke digital kompetanse og deltaking	Søkje midlar til undervisningsressurs

SULA KULTURSKULE

10. Fordjupningstilbod i alle disiplinær

Tiltak	Korleis
Vidareutvikle jazzorkesteret <ul style="list-style-type: none">• Nytte utflytta musikarar	Innafor budsjett Søkje prosjektmidlar
Utvikle fordjupningstilbod i samarbeid med Jugendteatret	Innafor budsjett
Legge til rette for differensierte speletimar, lengde på mellom 20 - 30 minutt	Omdisponering av lærarar og friske midlar
Vidareutvikle tilbod innan biletkunst	Innafor budsjett Søkje prosjektmidlar

11. Opprette og vidareutvikle breiddetilbod

Tiltak	Korleis
Tilbod om kulturkarusell i grunnskulen	Tilføring kr. 300 000 (stilling) og deling av utgifter
Opprette kortilbod i samarbeid med grunnskulane	Innafor budsjett/deling av utgifter
Musikkterapeut <ul style="list-style-type: none">• Samarbeid med helse/omsorg og skular/barnehagar• Starte opp ny gruppe for yngre personar med særskilte behov	Tilføring kr. 300 000 (stilling)/deling av utgifter
Starte opp kurs innan lyd/lys/musikkteknologi	Tilføring kr. 50 000
Rekruttere fleire fiolinelevar	Innafor budsjett
Musikkbingen <ul style="list-style-type: none">• Flytte musikkbingen i Langevåg til kulturskulen/ Langevåg skule (vil auke bruken av bingen)	Tilføring kr. 181 000
Utvikle skrivarkurs i samarbeid med biblioteket	Søkje prosjektmidlar
Besøke barnehage /skule med små-konsertar	Innafor budsjett

12. Tettare samarbeid med lag og organisasjonar

Tiltak	Korleis
Samarbeid med lag og organisasjonar om konsertar, prosjekt og verkstad	Innafor budsjett
Oppfølging /samarbeid med skulekorps om kompetanse, instruksjon	Innafor budsjett



VEDLEGG 2 - OVERSIKT OVER LOKALE TIL KULTURFORMÅL

KOMMUNALE:

Solevågshallen + sosialt rom
 Solevåg skule, klasserom og SFO-base B
 Måseide skule, gymsalen + grupperom
 Fiskarstrand skule, gymsalen + 1. klasserommet
 Langevåg skule, amfi og avdeling kulturskolen + SFO-base 1 og 2
 Sulahallen
 Sula ungdomsskule, gymsalen, amfiet og møterom i 2. etasje
 Breidablikk skule, gymsalen (blir ikkje nytta no)
 Molvær skule, gymsalen
 Gamleskolen Eikrem
 Nausthaugen, sosialt rom
 Donken fritidsklubb, Mauseidvåg
 Bibliotekfilial, Mauseidvåg
 Hovudbibliotek, Langevåg
 Musikkbingar, Mauseidvåg og Langevåg

LAG OG ORGANISASJONAR:

Friheim Kulturhus
 Allheim klubbhus
 Lømyra klubbhus
 Langevåg IL klubbhus
 Langevåg skyttarhus
 Ridesenteret, kafe og klubbhus
 Sula jeger- og fisk, klubbhus
 Langevåg Røde Kors
 Gamle Veibust skule
 Søre Sula, gamleskolen
 Taustua
 Vonhytta
 Rollonhytta
 Speidero
 Røde Kors-hytta

BEDEHUS / KYRKJER:

Solevåg bedehus
 Mauseidvåg bedehus
 Fiskarstrand bedehus
 Langevåg bedehus
 Salem
 Betel
 Frikirka

DEN NORSKE KYRKJA:

Indre Sula kyrkje
 Langevåg kyrkje

VEDLEGG 3 - OVERSIKT OVER TILSKOTSORDNINGAR PÅ KULTUROMRÅDET

Kulturmidlane:
Kr. 200 000

Tilskot til leikeplassar:
Kr. 50 000

Underskotsgaranti ved arrangement:
Det er ikkje sett av ein særskilt pott til dette føremålet. Ordninga har ikkje vore søkt på seinare åra.

Tilskot til maritime føremål:
Det blir innvilga kr. 10 000 (indeksregulerast) kvart år så lenge det er inntekter jf. vedtak i sak F-065/16.

Kommunalt tilskot til private kulturbygg:
Kr. 200 000

Tilskot til nærmiljø- og friluftstiltak:
Kr. 80 000

Tilskot til 17. mai arrangement:
Kr. 40 000

Kulturpris/stipend:
Kr. 15 000 til kulturpris og kr. 10 000 til kulturstipend.

Andre kommunale ordningar som skal til behandling i KUF-utvalet, men som ikkje ligg i kulturbudsjettet:
Kommunal garanti på investeringslån til lag og organisasjonar
Kommunal forskottering på godkjente spelemiddelsøknadar.

VEDLEGG 4 - TILFØRT KULTURBUDSJETTET I PERIODEN 2011- 2016

2011	Til aspirantopplæring (gjenninnført i 2012)	150 000
2012	Tilskot til private kulturbygg	200 000
2012	Suladagane	50 000
2013	15 % auke i stilling til fritidsklubben	80 000
2014	20 % auke i stilling til utekontakten	90 900
2015	Auke i kulturmidlar til lag og org.	20 000
2015	Auke i tilskotsmidlar til private leikeplassar	10 000
2015	Auke i kulturprisen	5 000
2016	Tilskot til nærmiljø- og friluftstiltak	80 000

I tillegg vart det løyvd vel 700 000 kr til «eksempelbiblioteket» i 2012, og Sula kulturskule kom inn i nye tilpassa lokale i Langevåg skule i 2013.

